



Tor Jarle Kjærland heldt tala for dagen.

**Tor Jarle Kjærland heldt tala for dagen på Stemneplassen i ettermiddag og runda av med å hylla dei mange som gjer ein stor innsats i bygda, anten det er organisasjonar eller einskildpersonar.**



Audun Eik heldt tala ved bautaen i år, medan programleiar Erlend Moen (til høgre) la på blomane.

- Dei fleste av mine forbilder har eg her i Uskedalen, sa Tor Jarle, som særleg var innom Gustav Bergstø forhans satsing på å realisera egne idear. Hvis han ikkje kunne nok, reiste han dit kunnskapen var å finna.
- Gustaven var eitt av mine forbilder, sa Tor Jarle, som oppmoda folk om å hylla dei som vågar. Han var også audmjuk overfor dei som skapte noko tidlegare og trakk fram rokken som eit døme. Utan gründerane hadde vi ikkje kome langt i dag, slo talaren fast.

Litt surt var veret då punktum vart sett for den offisielle feiringa, men frammøtet var bra på Stemneplassen og programleiar Erlend Moen løyste oppgåva si godt.

Han kunne overlata til Audun Eik å halda minnetala og leggja ned krans ved bautaen dette året. Det var eilitt spesiell oppgåve for Eik fordi faren hans, Sigvald, som gjekk bort for 8 månader sidan, var den siste som levde att frå Uskedalen av dei som deltok aktivt i krigshandlingane.

Eik streka under kor viktig det er å ikkje gløyma kva dei gjorde for at vi skal kunna feire 17. mai i friheit og fred.

Uskedelingen Hans Laurits Landa miste livet under torpedering.

Eik kom også inn på at mange tok store sjansar med å hjelpa eller gøyma folk som var ettersøkte av Gestapo. Som døme trakk han fram at Lars Haugland hadde ein ettersøkt person buande på hytta ved Mannsvatn og at det heime på Kjerland var formelt tilsett ein dreng som også var ettersøkt.

Ellers i programmet på Stemneplassen deltok som tradisjonen tilseier skulemusikken og Røysterett for alle og dei to framførte "Ja vi elsker" saman i tillegg til at dei hadde egne avdelingar.

Kristian Bringedal leia allsongen då eit anna tradisjonsnummer skulle framførast: Den mest sungne Uskedalsongen. Men kor mange Uskedalsongar er det eigentleg?

Av Ola Matti Mathisen



Røyserett for alle og skulemusikken framførte "Ja vi elsker" saman.